

## Reglar i stallen på Tveit

Leigetakar må rette seg etter stall-ansvarleg når det gjeld stell, bruk, føring, handtering osv. Skulen legger stor vekt på sikkerhet, og går ut frå at oppstallørene/stellere følger skulen sin praksis og reglar ved all handtering og bruk av hestane.

- Hestane skal førast tre gonger dagleg, etter ein førplan utarbeida i samarbeid med stall-ansvarleg. Førplanen blir revurdert jamleg.
- Det blir satt opp lufte rutinar i stallen som alle må følge kvar dag. Lufting skal skje i anviste luftegardar. Legietakar er sjølv ansvarleg for innslipp og utslipp til rett tid, og at hesten får trent/mosjonert regelmessig.
- Det er påbode å bruka
  - o **hjelm ved all riding, køyring og liknande**
  - o sal når ein rir, utanom i ridehallen dersom det ikkje er hinder på banen
  - o sikkerhetsvest ved sprangtrening
  - o **stallsko med vernetå/godkjente stallsko** ved all handtering av hest. Desse skal godkjennast av stallmester/hestelærarar/lærling. Slippers, crocs, klogger, tøysko, joggesko og liknande er ikkje tillaten å bruka.

Skulen/stallansvarleg kan også pålegge bruk av anna sikkerhetsutstyr.

- Det skal førast opp på oppslagstavle i stallen, dersom du rir på tur aleine.
- **Alle brukarane av stallen har ansvar for at det alltid er reint og ryddig både i og utanfor stallen.** Dette bidrar til å skapa eit triveleg og godt miljø.
- Dersom stall-ansvarleg finn det nødvendig å tilkalle dyrlege, kan dette gjerast utan at eigaren er til stades. Eigar skal sjølv dekke alle veterinærutgiftene til eigen hest.
- Leigetakar plikter å fylgje stallen sine rutinar for parasittbekjemping og anna helseførebyggjande arbeid.
- Leigetakar forplikter seg til å delta på dugnad. Dersom ein ikkje blir med på dugnad, kan det føra til auka stalleige/oppseiing av stallplass.
- Leigetakar må vera med i ei stallvaktordning, som ein del av dugnaden. Kvar stallvakt varer frå måndag kveld til søndag kveld i vanlige skuleveker. Ved sjukemelding eller andre særskilde grunnar til at ein ikkje kan gjennomføra stallvakta, skal stallansvarleg varslast umiddelbart, og ein må ta igjen desse timane ved eit seinare høve. Anna bytting skal avtalast med stallansvarlig minst **to** veker før.
- Ved leing skal det alltid brukast komplett hovudlag eller taugrime, utanom til og frå luftegardar. Då skal det brukast festa grima og leietau, i tillegg til godkjente stallsko.

- Det er eigar sitt ansvar at hesten til ei kvar tid er skikkeleg skodd.
- **Riding og køyring skal kun skje på vegar, stiar og skulen sin bane.** Ikkje på plenar, dyrka mark/beitar, idrettsplasser, grusbanar, og skulegarden til Nedstrand barne- og ungdomsskule. Det er heller ikkje lov å ri eller køyre i skogen når det er aktivitet i klatreparken (då heng det varsel om dette ved inngangen til skogen og på oppslagstavla i stallen).
- Du er sjølv ansvarleg for å fjerne møkka i boksen og luftegarden hos hesten kvar dag. Møkkelister for luftegardar ute blir hengt opp og skal følgast. Det skal alltid kostast når du har møkka eller har stått på gangen og stelt hesten. **Hestemøkk skal også fjernast der folk ferdast: vegar, klatrepark, tun, parkeringsplassar og liknande.**
- Boks/spiltau skal reingjerast kvar dag. Gjødsla skal tømmast på anvist plass.
- Stallansvarleg avgjer kor hestane skal stå til ei kvar tid. Leigetakar må godta den stallplassen som stallansvarlig til ein kvar tid kan tilby.
- Oppseiingstid av stallplass er ein månad frå den 1. i kvar månad. Dersom hesten flyttast før oppseiingstida er over, er det ikkje tillaten å ta med fôr og spon. Det er heller ikkje lov å ta med seg fôr og spon heim i feriar eller ved andre anledningar.
- Vis omsyn, aktsemd og varsemd når du ferdast med hest i skogen og på offentleg område, så ikkje forbipasserande/turgåere blir skremt eller utsatt for fare.
- Det er kun tillèt å binde opp hestane på anviste plasser i tillegg til i boksen/spiltet. Ved stell må du passe på at hesten kjem gjennom boksdøra med alt utstyret på.
- Dekken skal tørkast på anvist plass. Dei skal takast ned og leggst i skapet eller på dekkenhengar når dei er tørre.
- Det er kun tillate med eit inne-dekken og eit ute-dekken på hesten, bruk derfor gode dekken.
- Pussesaker/børstar og liknande skal leggst på plass umiddelbart etter bruk.
- **Grimer, leietau og dekken skal være merka med hesten sitt namn før hesten kjem til Tveit.**

**NB! Brot på disse reglane kan føre til at du mistar stallplassen.**

**Ved fyrste regelbrot får du ei munnleg åtvaring**

**Ved andre regelbrot får du ei skriftlig åtvaring**

**Ved tredje regelbrot mistar du stallplassen**

Hugs å kryssa av på stallplass-søknaden at du har lese desse reglane.

Tveit Vidaregåande Skule, mai 2017